

Rosendal/Uskedal klarte berre 1-1 mot Bjarg i årets siste kamp, som var ein heimekamp for kvinnheringane og gjekk i Rosendal.

Truleg betyr det nedrykk til 5. divisjon neste år. Heimelaget burde vunne klart etter mange brende sjansar. Det var uskedelingen Lars Johan Myklebust som sette inn utlikningsmålet eit kvarter ut i andre omgang.

Uvissa om andre resultat i nedrykkstriden gjorde at ingen i går ettermiddag kunne seia noko bestemt om det blir nedrykk eller ikkje. Det er korvidt det rykkar ned lag høgare oppe i divisjonane som avgjer og til Kvinnheringen seier Arvid Nes at dei framleis har eit lite håp.